



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Elisabeth Aune, 55572208

Vår dato  
13.07.2010  
Dykkar dato  
23.06.2010

Vår referanse  
2010/1842 542.1  
Dykkar referanse  
201000090-4/313/ENDKOR

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201000090	Dok.nr. 16
13 JULI 2010	
Arkivnr. 313	Saksh. ENDKOR
Eksp.	
U.off.	

### Løyve til utslepp for Lerøy Vest AS på lokalitet Bognøy i Radøy kommune

Lerøy Vest AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 1560 tonn matfisk av laks og aure på Bognøy. Utsleppsløyvet er gjeve i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

#### Bakgrunn

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS av 23. november 2009 oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 5. februar 2010. Kommunen handsama søknaden 17. juni 2010. Lokaliteten ligg innafor akvakulturområde i kommuneplan, og kommunen har ikkje merknadar til søknaden.

Verksemda søker om løyve til mindre justering og utviding av anlegget frå 1300 tonn til 1560 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som fylgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisinerings. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyning og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf § 20 i forureiningslova.

#### Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og lokaliseringa er tidlegare vurdert i høve til naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming av fisk. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

#### Vurdering av sjøområde som resipient

Ved siste resipientgransking fekk lokaliteten tilstand 2. Samanlikna med tidlegare granskingar vert det konkludert med at resipienten tålar den noverande produksjonen. Selskapet søker om ei utviding av lokaliteten på 260 tonn. Med god oppfølging av

resipientforholda, samt at selskapet tar omsyn til dei målepunkta som viste dårlegast miljøtilstand ved justering av anlegget, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gje løyve til ein biomasse på 1560 tonn på lokaliteten.

Verksemda må undersøke sjøområdet etter Norsk standard 9410. Data som kjem fram av denne overvakinga skal registrerast i fagapplikasjonen Vannmiljø. Registrering av data kan skje direkte i denne basen <http://vanmiljo.klif.no/> (elektronisk registreringsskjema) eller ved å importere data på spesifisert format (Excel-importskjema) som forklart på nettsida <http://vanmiljokoder.klif.no/>.

Verksemda kan bli pålagt å finansiere ytterlegare overvaking (MOM-C) eller delta i granskingar som Fylkesmannen finn naudsynt for å kartlegge forureininga, jf. § 51 i forureiningslova. Fylkesmannen kan pålegge verksemda å betale ein del av kostnadane ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemdar med utslepp i same område.

### **Risikoklasse**

Ut frå opplysningane som ligg føre klassifiserer Fylkesmannen anlegget i risikoklasse 4. Klassifiseringa er eit uttrykk for den risikoen som ligg føre. Den er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Klassifiseringa har innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Det er gebyr for handsaming etter forureiningslova, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap 8 i forureiningslova.


### **Klage**


Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klif etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

  
Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonsleiar

  
Elisabeth Aune  
rådgjevar

Vedlegg:                      Vilkår for utsleppsløyvet (vedlegg 1)  
   Vilt (vedlegg 2)

Gjenpart m/vedlegg:  
Lerøy Vest AS  
Radøy kommune  
Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland

## VEDLEGG 1

Vedlegg til utsleppsløyve  
av **13 JUL 2010**  
for Lerøy Vest AS  
Lokalitet Bognøy  
Radøy kommune

### VILKÅR FOR LØYVET

1. Oppdrettsanlegget har følgende plassering og produksjonsmengde:

Lokalitet	Kommune	Koordinatar Euref89/WGS84	Ramme
13209 Bognøy	Radøy	60° 36,2437' N 5° 4,5405' E	1560 tonn

### 2. UTSLEPP TIL VATN

#### 1.1 Utslepp av fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillate bruk av tørrfôr eller mjukpellets.

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.  
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

#### 1.2 Utslepp av medisin og kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, og desinfeksjonsmiddel skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå forureiningsstyresmaktene

#### 1.3 Sanitæravløpsvatn

Det er kommunen som gir løyve til utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom etter reglane i forureiningsforskrifta.

### 2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall, samt andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre på ein slik måte at dei ikkje fører til særlege luktulempar for naboar.

### 3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7-16.

Støy frå verksemda skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette bustad- eller fritidshus:

Tabell 1. Grenseverdiar for støy.

Kvardagar	Laurdag	Sun-/heilag-dagar	Kveld kl. 19 - 23 kvardager	Natt kl. 23-07 alle døgn	Natt kl. 23-07 alle døgn
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>evening</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L<sub>evening</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

L<sub>night</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L<sub>AFmax</sub> er A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene innenfor perioden, målt/beregnet med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overholdes innenfor alle driftsdøgn.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing og lasting av råvarer og produkt.

Støy frå bygge- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

## 4. AVFALL OG SLAM

### 4.1 Produksjonsavfall og slam

Daud fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureining.

Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Verksemda skal samle opp daud fisk og raskt konservere den anten ved ensilering, frysing, e.l.. Før lagring på ensilasjetank skal verksemda kverne fisken.

Verksemda skal levere ensilert fiskeavfall til godkjent anlegg for attvinning. Dumping av daud fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate. Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate.

Alt slam frå reinseanlegg skal transporterast til godkjent anlegg. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst moglege ulempe, lukt m.v.

### 4.2 Medisin- og kjemikalierestar

Unytta restar av medisinfor, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før dei vert henta av produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

### 4.3 Anna avfall

Emballasje og liknande, samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt. 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

#### **4.4 Slamfjerning frå sjøbotn**

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må det søkjast om eige løyve. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til Fylkesmannen. Som følgje av smittefare må verksemda varsle veterinærstyresmaktene.

Forskrift om organisk gjødsel regulerer bruk av oppsamla slam som en ressurs.

#### **5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIAR**

Medisin, insekticid, og kjemikalie skal vere lagra forsvarleg og slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell eller liknande ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan til dømes sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

#### **6. KONTROLL**

##### **6.1. Rutinar for vedlikehald.**

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg mm., slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda driva førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

##### **6.2 Journalføring**

Verksemda skal registrere og journalføra følgjande data;

- fiskemengd
- mengde daud fisk
- antal rømd fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av og type og mengde:
  - antibiotika
  - insekticid
  - anna kjemikalier
- mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

Verksemda pliktar å la representantar for Fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå Fylkesmannen inspisere anlegget når dei måtte ønskje det.

#### **7. MILJØTILSTAND OG OVERVAKING AV RESIPIENTEN**

Verksemda pliktar å koste meir omfattande overvakning (MOM-C), eller delta i dei granskingar som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. § 51 i forureiningslova. Fylkesmannen kan pålegge verksemda å betale sin del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp i området der anlegget er plassert.

Resultat og data frå rapportar frå resipientgranskningar etter dei frekvensar som går fram av NS 9410 skal sendast elektronisk til Fylkesmannen i Hordaland slik at dei kan importerast til Vannmiljø. Registrering av data kan skje direkte i denne basen <http://vannmiljo.klif.no/> (elektronisk registreringsskjema) eller ved å importere data på spesifisert format (Excel-importskjema) som forklart på nettsida <http://vannmiljokoder.klif.no/>.

## **8. GENERELT**

### **8.1 Eigenkontroll og ansvar**

Verksemnda pliktar å etablere internkontroll i samsvar med internkontrollforskriften. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemnda følgjer krava i løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva ved anlegget. Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje

### **8.2 Akutte utslepp**

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av til dømes antibiotika, kjemikaliar og liknande. Dersom det oppstår akutte utslepp skal Fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

### **8.3 Tvangsmulkt og straffeansvar**

Forureiningsstyresmaktene kan gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde, jf § 73 i forureiningslova

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

### **8.4. Endring av utsleppsløyvet**

Dersom Fylkesmannen finn det naudsynt, kan det setjast krav om at ytterlegare tiltak vert gjennomførte for å hindre eller redusere forureiningsfaren frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i forureiningslova er oppfylte.

### **8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs**

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, til dømes på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemnda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk, jf. § 20 i forureiningslova.

### **8.6 Risikoklasse**

Verksemnda er plassert i **risikoklasse 4**.

## **VEDLEGG 2**

### **VILT**

#### **TILTAK FOR Å SIKRE MOT VILTSKADE**

Naturmangfaldloven og viltloven setter krav om at vi tar vare på viltet og deira leveområde for sikre produktivitet og rikdomen av artar i naturen.

Erfaringar frå akvakulturanlegg viser at de kan føre til konflikhtar med ville dyr og fuglar. Alle typar oppdrettsanlegg, også skjelanlegg, kan lokke til seg vilt.

Innehavar av akvakulturanlegget bør av egen interesse førebygge viltskade. Dersom det oppstår viltskade skal innehavar av akvakulturanlegget straks ta kontakt med viltansvarlig i kommunen for å sette i verk tiltak.

For å unngå skade frå vilt kan Fylkesmannen krevje at innehavar akvakulturanlegget monterer flytelense med sperregarn og viltsikker port dersom anlegget ligger ved land.

Dersom det oppstår viltskade av vesenlig økonomisk betydning, og tiltak for å førebygge viltskade ikkje nytter, kan innehavar av anlegget søke om å avlive viltet.